

Til: Kommunestyrerepresentantar i Sunnfjord kommune

Førde, 13.12.2024

Dette brevet er sendt på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, BirdLife Norge avd. Sogn og Fjordane og Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane.

Riv ikkje hjartet ut av naturen og dei vestnorske fjella!

Frå: Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF)

FNF er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivsinteresser i regionen. Per i dag er det 13 organisasjonar tilslutta FNF SF. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlemmer i fylket. Forum for natur og friluftsliv er opptatt av å ta vare på naturgrunnlaget og fremja eit allment tilgjengeleg friluftsliv i kommunane.

Sunnfjord kommune vedtok i juni 2024 ny arealplan kor det aktuelle fjellområdet er regulert til LNF; landbruk-, natur- og friluftslivsformål. Ulempene ved å omregulere dette området til industri er enorme. Snøheia industrikraft AS og Høyangerfjell vindkraftanlegg vil føye seg inn i rekka av vindkraftverk som bidreg til omfattande skadeverknader for natur-, landskap- og friluftslivsverdiar.

Samandrag.

Kraftverket vil bestå av nær 100 vindturbinar som vil vera opptil 250 meter høge. Det er planlagt turbinar heilt opp til nær 1200 meter over havet. Det storslåtte landskapet vil bli omgjort til industri med roterande rotorblad, støy og blikande lys. Arealinngrepet vil få store konsekvensar for store områder med natur, som i dag framstår som urørt, med viktige naturverdiar og artar vi har eit internasjonalt ansvar for. Kvar turbinane faktisk skal stå, vil ikkje kommunen kunne bestemme. Dette er samla sett ei fragmentering og irreversibel øydelegging av store delar av vår viktige fjellnatur.

Kraftverka vil øydelegge eit stort og viktig friluftslivsområde i regionen vår. Naturopplevinga frå nærfjella i Sunnfjord og nabokommunane vil også verte sterkt forringa. Klungeren ligg innafor 700 meter unna, det er i underkant av 1,7 mil til Hafstadfjellet ved Førde, og 2,2 mil frå det populære turmålet Storehesten (Kvamshesten) i Bygstad. Mange held seg i god form med kvardagsturar i nærfjella, og finn ro og sjelefred. Bulyst og livskvalitet for svært mange innbyggjarar vil bli endra.

Sogn og Fjordane er ein av dei mest populære turistmåla i Noreg, både for norske og utanlandske turistar. For eksempel vil nasjonal turistveg Gaularfjellet vil bli sterkt forringa som følge av vindkraftanlegga i fjella og andre verneverdiar som Gaularvassdraget og kulturminne som Hestad kapell vil bli forringa.


Fleirtalet av grunneigarane i både Sunnfjord og Høyanger kommune ønskjer ikkje vindkraft på sine eigedommar.



Natur- og friluftslivsorganisasjonane me representera meiner derfor at me allereie har nok kunnskap om konsekvensane ved å etablera vindkraft i desse høgfjellsområda, og oppmodar partia til avstå frå vindkraftutbygging og ivareta det unike landskapet for komande generasjonar.

Eit enormt arealinngrep i eit større, samanhengane naturområde med urørt preg

- Heile 63 km² natur, som i dag framstår som urørt og fri høgfjellsnatur, kan få industripreg. Det området er like stort som Jølstravatnet, Haukedalsvatnet og Viksdalsvatnet til saman. Ei likande omregulering av natur til industri har aldri funne stad før.
- Tre mål store oppstillingsplassar kring kvar turbin (som ei halv fotballbane), og 800 m veg i 8-10 meters breidde for kvar turbin, vil medføra irreversibel øydelegging av om lag 1100 mål fjellnatur.




Utsyn frå toppen av Snøheia (1139 moh.). Biletet til venstre mot Hestad grend og vidare til den ikoniske Storehesten (også kalla Kvamshesten, 1209 moh.) og Blegja (1304 moh.). Populære turmål for sunnfjordingar og tilreisande. Biletet til høgre er mot Viksdalen og Oppedal, og ein ser mot Grovabreen, Jostefonni og Jostedalsbreen i aust. Foto: Ove H. Solås).

Store friluftslivsverdiar, bulyst og folkehelse

- Kraftverket vil øydelegga eit stort og viktig friluftslivsområde i regionen vår: Det som i dag er eit fredeleg turområde, sommar og vinter, vil bli sterkt påverka av nedbygging, støy og iskast. Vi nemner populære turmål som Holtsnipa, Snøheia, Årnesholten, Nova, og ikkje minst alle stølane frå Oppedalen i aust til Senneset/Grytås i vest. Området er brukt til beiteområde, jakt, fiske, tur, bærinking og friluftsliv. Sjå DNTs turportal, Ut.no.
- Friluftsliv gir ein stor folkehelsegevinst, livsglede og bulyst. Det er imponerende å sjå at omlag 20 personar, hovudsakleg unge familiar, som har valgt å flytte til og overta gardsbruk på Viksdalen siste år. Mange held seg i god form med kvardagsturar i nærfjella, og finn ro og sjelefred.

- Bygdene treng folk og kompetanse, unge menneske som vil bu i distrikta. Det er svært lite truleg at vindkraftanlegg i Snøheia og Høyangerfjella vil medføre nye tilflyttarar i Sunnfjord kommune. Å starte ei konsekvensutgreiing over mange år vil også bidra til stor usikkerheit, og kunne medføre fråflytting heller enn tilflytting. Kven vil bygge seg hus eller flytte til eit område som står i fare for å bli øydelagt med støy og forringa natur, i tillegg til reduserte eigedomsverdiar?
- Menneske kan få helseskadar ved å bu nær eit vindkraftanlegg med kontinuerleg støy og eit øydelagt kvardagslandskap. Nokre har fått alvorlege helseplager og psykiske påkjenningar dei knapt kan bere. Erfaringane frå eksisterande vindkraftanlegg viser at det ikkje lar seg gjere å kartlegge 100% korleis lyden fer med vind og i høve topografi før støykjelda er på plass. Noreg er minste lengda mellom turbin og bustad 800 meter. Bayern har til samanlikning eit minstekrav på 10 gonger turbinhøgda. Undersøkingar påviser også samanheng mellom landskap, stadkjensle og livsglede.
- Dei som brukar fjella til friluftsliv og rekreasjon, vil få ei heilt anna oppleving av ro for både auge og øyre. Snøheia og Høyangerfjell vil forringe naturopplevinga for alle i Sunnfjord, men også nabokommunane Gulen, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Kinn, Bremanger, Gloppen, Stryn, Sogndal, Vik, Høyanger, ja, og truleg også endå lenger når det skumrar og lysblinka bidrar til at augo søkjer seg mot dei høge turbinane i industrianlegga.



Rørstadstølen ved Viksdalsvatnet og varden på Snøheia (kjelde: Ut.no). Norsk stølskultur er nyleg blitt ein del av UNESCOs verdsarvliste over det som kallast immateriell kulturarv.

- Naturopplevinga frå nærfjella i Sunnfjord vert sjølvstøtt mest forringa. Klungeren ligg innafor 700 meter unna, det er i underkant av 1,7 mil til Hafstadjellet ved Førde, og 2,2 mil frå det populære turmålet Storehesten (Kvamshesten) i Bygstad. Johannesberget på Gaularfjellet, 2,5 mil.

Naturmangfald

- Kraftverket vil forringa og fragmentera eit sær snerikt høg fjellsområde, med ein sær eigen flora som finst svært få andre stadar i Noreg og elles i verda, og bidra til å endre leveområde for dyr og fuglar. Vindindustrianlegga er tenkt plasserte i alpin sone. Vegetasjon og dyreliv i dei alpine områda er særleg utsett for ulike forstyringar, og alle prosessar i naturen som skal hele skadar frå inngrep i den alpina sonen, går sakte.
- Det er funne 9 ansvarsartar av fugl i fjellområdet, artar som Noreg har eit internasjonalt ansvar for. Ansvarsartar er artar der Noreg har minst 25% av Europa sine hekkebestandar, eller til og med over 50% av den internasjonale bestanden. Havørn, jaktfalk, fjellrype, lirype, heilo, heipiplerke, gråtrost, bjørkefink og gråsisik er slike ansvarsarter, der både *havørn* og *fjellrype* er artar kor Noreg har over 50 % av den europeiske hekkebestanden. Artane er allereie under press frå klimaendringane, og vi må ta godt vare på dei alpine fjellområda som er att. Særleg utsette for vindturbinar er rovfugl, hønsefugl (mellom andre ryper) og lommar. Kjelde: Birdlife Sogn og Fjordane (2024).



Fjellrypebestandene i området Snøheia /Høyangerfjell er svært gode, og det er eit hekkande par med jaktfalk i området, det einaste kjende paret i midtre og ytre delar av fylket. Foto: Birdlife Sogn og Fjordane.

- Fjellområda er av dei meir nedbørsrike regionane i Noreg. Store delar av området er som følge prega av store, årlege snømengder og sein utsmelting. Dette gjer området unikt med mange fenner og snøleier. I lågareliggjande område finst ein del areal med våtmarker og myr, blant anna i vestre del av området, og i Stølsdalen i øst. Grunne våtmarker førekjem spreidd. Dette betyr at det er viktige lager med karbon i områda her, og det vil ha ein negativ klimaeffekt om desse våtmarkene vert øydelagde, drenerte og planerte med vegar og oppstillingsplassar. Kjelde: BioFokus (2024).
- Totalt seks ulike raudlista naturtypar er påvist av feltundersøkingane til BioFokus, og biologane har funne 22 raudlista artar innan artsgruppene mosar (18) og karplanter (4) i dei undersøkte områda. Dagens kunnskap indikerer at vestnorske, nedbørrike fjellområde er å

sjå på som biologisk verdfulle område med stor førekomst av raudlista naturtypar og artar.
Kjelde: [BioFokus \(2024\)](#)



T.v.: Faksjøkelmose *Arctoa fulvella* (Nær truga). Foto: Biofokus/J.G. Brynjulvsrud. T.h.: Dagsommerfuglen fjellperlemorvinge *Boloria*. Den er ikkje tidligare kjent frå Høyanger eller Sunnfjord kommune. Foto: Ole J. Lønnve.

- Vindkraftanlegga vil ligge i nedbørssona til det verna Gaularvassdraget. Vassdraget har ei lengde på 63 kilometer frå kjelder nord for Jostefonni, og Gaularfjellet, og nedbørsfeltet har eit areal på 626 km². Kjelde: Miljødirektoratet. Anlegga vil forureine elva med mikroplast frå rotorblada. I oktober 2024 kom ein rapport som kvantifiserer mengda til rundt 62 kilo mikroplast i året frå kvar turbin. Det er også vel kjend at det også førekjem lekkasjar av oljer frå vindkraftturbinar.
- Det manglar kunnskap om kva konsekvensar endringar i vassdrag og våtmark vil ha for flaum og skred i dei bratte fjellsidene og tett på bustadene til innbyggjarar i dalane. Dette er kunnskap ein først vil få når anlegga er satt i verk.

Store reiselivverdier

- Den næringa med størst forventa vekst i framtida er reiselivet, og det aktivitets- og naturbaserte reiselivet (kjelde: NHO Reiseliv). Sogn og Fjordane og Vestland er mellom dei fylka som er mest populære i Noreg som turistmål, både for nordmenn og utanlandske turistar. Snøheia og fjella ikring utgjer ein viktig del av fjord- og fjellandskapet. Set ein opp eit industrianlegg her, vil ein punktere desse fjella, og det vil auke risikoen for at det kjem nye anlegg i same høgde og typografi.



Hestad




Hestad rasteplass ved Gaularvassdraget. Foto: Fild-Jouann Ståbel, Statens vegvesen

Hestad rasteplass er eit flott stopp på turistvegen ove Plassen liqa på nordsida av Viksdalsvatnet i eit vakke

Likholefossen er eit populært turistmål med tusenvis av besøkande i året. Ved Hestad, 300 meter frå gamle Hestad kapell, er det sett opp ein utsiktsrampe i samband med Nasjonal Turistveg med utsyn til Snøheia og fjella ikring, som ligg i eit vakkert landskapsområde.

<https://www.visitnorway.no/reisemal/vestlandet/fjordkysten/>

- Nasjonal turistveg Gaularfjellet vil bli sterkt forringa som følgje av vindkraftanlegga i fjella. Vegen går høgt over både Rørvikfjellet (Rørvik Fjellstove ca. 550 moh.) og Gaularfjellet (vegen går over ca. 740 moh.), og følgjer det verna vassdraget Gaularvassdraget nedover dalane med store fossefall ned til Hestad og Sande. I hovudsak i Sunnfjord kommune, ein mindre del av vegen i Høyanger kommune og frå Balestrand i Sogndal kommune. Statens vegvesen uttala til tidlegare Gaular kommune at ei vindkraftutbygging i fjella mellom Høyanger og Sunnfjord vil medføre at turistvegstatusen kan verte vurdert omgjort grunna eit sterkt industrialisert landskap.



Nasjonal turistveg Gaularfjellet. Kjelde:

<https://www.nasjonaleturistveger.no/no/turistvegene/gaularfjellet/>.

- Det unike vestnorske fjell- og fjordlandskapet vert øydelagt. Fjernverknadane av kraftverket – både når det gjeld synlegheit av turbinar og lysblinka deira – vil vera svært omfattande og synleg i minst 5 mils omkrins. NVE har i tidlegare saker også sett at verknadane kan strekke seg lenger. Vestlandsfjella, som er verdskjente for sin topografi frå fjell til fjord og storslegne landskap, står i fare for å bli redusert til eit industrilandskap.
- Dei visuelle konsekvensane av ei slik industrialisering, med opptil 250 meter høge turbinar 1000 moh., er godt synlege med roterande rotorblad, solkast på fine dagar, og blinkande lys kontinuerleg for å hindre samanstyrt med fly og helikopter. Store nasjonale landskapskvalitetar står på spel, fjella er ein del av utsynet frå;
 - Nasjonalparken Jostedalsbreen. Frå Supphellebrenipa ved Jostedalsbreen i Fjærland er det omlag 5 mil.
 - Frå Ålfotbreen landskapsvernområde er det også om lag 5 mil, og frå fjella kring Solrenningen turisthytte, midt i landskapsvernområdet Stølsheimen, er det berre 3,5 mil.
 - Vestnorsk Fjordlandskap er ein del av verdsarva i Noreg, til verdensarvområde i Nærøyfjorden og Fresvikbreen er det om lag 5 mil.
 - Nye nasjonalparker er under utgreiing med Matrefjell vest for Stølsheimen og Hornelen i Bremanger. Også innafor synsranda.
 - UNESCO vil i løpet av 2025 med stor sannsynlegheit utnemne fjellområde ved Storehesten (Kvamshesten) og vestover til ein Geopark. Den omsøkte parken vil omfatte kommunane Solund, Hyllestad, Fjaler og Askvoll og delar av Sunnfjord.

Stor kulturarv og viktige kulturminne

- Kulturarva Hestad kapell. Den vesle, brunbarka kyrkja og området rundt er freda. Ei stavkyrkje stod på Hestad frå 1327 då den i 1805 vart erstatta av dagens kapell. Ein del av tømmeret i kapellet stammar frå den gamle stavkyrkja. Den er eigd av Fortidsminneforeningen.
- Kapellet ligg i Hestad landskapsvernområde. Verneføremålet er det særmerkte i eit vakkert naturlandskap som ramme om eit kulturminne (Hestad kapell). Landskapsbiletet er særst vakkert med høge fjell kring vatnet. Ein fylkesveg går over landtunga. Området vart verna i 1971 og kjøpt av Staten i 1983 (kjelde: Miljødirektoratet, naturbase).
- Frå Høyanger via Steinbrua til Følling på Viksdalen går det ein gamal ferdsselsveg. Ved Steinbrua ligg tuftene etter ei gamal tingstove. Eit anna viktig kulturminne er pilgrimsleia frå Vadheimstølen via Bruraskardet til Årnes/Nedrestrand. Gamle ferdsselsvegen frå Sogn til kyrkja på Øyra.

I samband med den omsøkte reguleringa av Selsvatnet ved Storehesten og auka slukeevne i Selselva kraftverk i Sunnfjord, skreiv NHO Reiseliv følgjande generelle vurdering (22. april 2024);

- «Norge tilbyr autentiske natur- og kulturopplevselser. Utfordringen med kraftutbygging er at det medfører et stort, irreversibelt og synlig inngrep i urørt natur. Utbygginger bør derfor skje på en forsiktig og klok måte hvor de mest sentrale partene er hørt og ivaretatt.
- Urørt natur er den viktigste motivasjonen turistene har for å komme til Norge og vår region. Derfor er det sentralt for oss at man i prosjektene beregner egenverdien av den urørte naturen, at reiselivet blir hørt og at våre interesser blir ivaretatt.
- Den store turistundersøkingen til Innovasjon Norge viser at naturopplevselser er en svært viktig grunn til at turister vil besøke Norge, dette gjelder både norske og utenlandske. Fjord og fjell topper listen av hva de vil oppleve.»

Grunneigarinteressene er også viktig for organisasjonane. Sjå eiga uttale.

- Fleirtalet av grunneigarane i både Sunnfjord og Høyanger kommune ønskjer ikkje vindkraft på sine eigedommar. Dei ser at natur-, landskaps- og friluftslivsverdiane er høge, og vil ha ei rad ulemper med blant anna støy, skuggekast og solblink frå rotorblada som går rundt i ein evig karusell. Miljøkonsekvensar med tap av karbonhaldig natur og forureining. Grunneigarane kjenner seg ikkje att i dei grunneigartilhøva som vindkraftselskapa uttrykkjer i planinitiativ og media.
- Det bør ikkje vere tvil om at planinitiativa har stor motstand både blant dei fleste grunneigarar og i opinionen.
- I lokalvalet i 2023 var vindkraftsaka den viktigaste for folk flest. Valet resulterte i at parti som var tydelege mot vindkraft i fjella fekk størst framgang, og gjennom **personstemmer** vart kommunestyret samansett av eit fleirtal av representantar mot vindkraft i fjella våre.
- Innbyggjarane har god støtte frå Noregs befolkning, heile 73 prosent er heilt eller delvis imot at vi skal øydelegge norsk natur for å byggje vindkraftverk (kjelde Opinion, 2020). Seinare tal frå NRK viser at denne oppfatninga held seg, og aukar i styrke når det vert konflikhtar med enkeltsaker som grip inn i verdfull natur.

Organisasjonane vil også understreke at Noreg kan energiomstille seg til eit utsleppsfritt samfunn utan meir vindkraft i natur- og friluftslivsområde. Noreg har store moglegheiter for energisparing og energieffektivisering, samt moglegheiter for å produsere ny energi med langt mindre arealkrevjande energikjelder og naturtap.

Å realisera Snøheia og Høyangerfjell vindkraftverk vil vera i strid med internasjonale avtalar som Noreg har ratifisert, når det gjeld å redusere arealbruk og ivareta naturmangfaldet. Vi vil vise til at det så langt er registrert fleire titals raudlista artar i det aktuelle området, der mange av artane også er raudlista internasjonalt. Pågåande klimaendringar set mangfaldet under press i fjellet, og gjer fjellheimen i seg sjølv sårbar. Difor bør internasjonale forpliktingar gjennom blant anna Naturavtalen og Landskapskonvensjonen følgjast opp ved at ein er ekstra varsam med å utsette desse fjellområda for ytterlegere negativ påverknad.

Høyanger kommune er ein av dei første kommunane i Sør-Noreg som seier ja til planinitiativ etter eit sterkt press frå ei hjørnesteinsbedrift, industrigiganten Hydro. Hydro har sjølv sagt at dette handlar om kraftprisar, ikkje kraftmangel. Krafta går inn i kraftnettet, og det er viktig å prioritere kven som skal bruke straumen. Elektrifisering av sokkelen er eit døme. Det er det heldigvis andre måtar å løyse kraftpris-trugsmålet på enn å rasere verdfull natur.

Å gå vidare med sakshandsaming av prosjektet vil skapa unødig store konflikhtar, og i sum også vere dårleg samfunnsøkonomi. Difor vil organisasjonane be Sunnfjord kommune om å seie nei til planinitiativa og syte for at det ikkje blir sett i gang omregulering frå landbruk, natur – og friluftslivsformål til eit gedigent industriområde 1000 meter over havet med 250 meter høge turbinar. Det vil vere eit svik mot både naturen og komande generasjonar.

La folket få nyte roa og freden i den fantastiske fjellnaturen vi har, utan uro for at den snart kan bli øydelagd for alltid. Natur- og friluftsområda våre tilhøyrer også dei som kjem etter oss, og vi har ingen rett, korkje moralsk eller juridisk, til å byggja dei ned til industriområde.

Vennlig hilsen

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane

Åsmund Nordgulen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane